



Styremøte

Tid og stad:

Onsdag 13. april 2016 kl. 1800 i Fløda hos Anne Bjørg.

Saksliste:

13/16	Arthur-helga
14/16	Klubbhusprosjektet
15/16	Fotballsesongen
16/16	Huer og nøklar
17/16	Kiosken
18/16	Medlemskontingent og pengestøtte til klubbhuset
19/16	1. mai-løpet
20/16	Eventuelt
21/16	Evaluering av Sjutoppsturen

Oppmøte:

Leiar Anne Bjørg Bringsvor, nestleiar Endre Vorren, sekretær Eirik Voksøy Bringsvor, kasserar Svein Helge Bringsvor, styremedlem Knut Olav Skare og trimgruppeleiar Anders Bringsvor (siste sak) var til stades.

Forfall:

Varamedlem Gunnhild Bringsvor var ikkje til stades.

Referat:

Sak 13/16 Arthur-helga

Vi vil vere med på samarbeidslaget for Arthur-helga 2016. Dette er ei god inntektskjelde for oss.

Vedtak: Anne Bjørg, Endre og Knut Olav representerer idrettslaget.

Førstnemnde tek initiativ til møte med dei andre laga.



Sak 14/16 Klubbhusprosjektet

Byggelånet kom på plass for kort tid sidan, og arbeidet går sin gang til tross for labor dugnadsinnsats. Forslag frå Eirik om å innføre løn for arbeid frå og med fjerde eller sjette time per person per veke, eller liknande. Anne Bjørg foreslår at Eirik tek fri frå sin daglege jobb, og arbeider ei veke med løn frå idrettslaget.

Vedtak: Eirik prøver å ta seg fri frå vanleg arbeid, for å jobbe ei veke på klubbhuset. Løn ikkje bestemt. Svein Helge finn ut av korleis idrettslaget kan betale ut løn på lovleg vis.

Sak 15/16 Fotballsesongen

Første kamp på Sandsøya skulle eigentleg vere søndag 24. april, men terminlista for J13-laget har vorte forandra totalt. Alle heimekampane på det nye oppsettet for dette laget er dessutan feilaktig ført opp på Kvamsøya, så vi veit ikkje korleis fordelinga vert enno – det er KIL som administrerer i år. Første kamp i Oshaugane enten laurdag 30. april (J13) eller laurdag 14. mai (G13). Begge laga vil i hovudsak spele helgekampar. G/J9-laget er valt til å arrangere turnering i veke 18 (2.-8. mai), men det er usikkert om denne blir på Sandsøya eller Kvamsøya.

Vedtak: Svein Helge (fotballgruppa) gir beskjed til Anne Bjørg (kiosk) og Arnvald (bane) når kampstadar og kampdatoar er bestemt.

Sak 16/16 Huer og nøklar

Anne Bjørg har talt opp og sortert huene, og Eirik har fått tala. Vi bør skaffe oss oversikt over kva nøklar som er i omløp, no når klubbhuset snart er ferdig. Inngangsdøra til gamlebygget er skifta, og her er det no ny nøkkel sidan den gamle låsen ikkje kan setjast inn i den nye døra. Ingen tok på seg ansvaret med å lage liste over kven som har nøklar.

Vedtak: Svein Helge ordnar kopiar av nøkkel til hovudinngangsdøra til gamlebygget.



Sak 17/16 Kiosken

Det er rydda og kasta ein del papp og plast som var lagra på kiosken. Sjøppel står på golvet ved kjøleskapet. Spegel og gardiner frå handikoptoalettet, som er under ombygging, ligg på benken.

Vedtak: Eirik syter for at det som har med klubbhusprosjektet i kiosk, gang og toalett vert rydda innan kort tid. Rydde også ute ved kioskluka. Anne Bjørg (kiosknemnda) syter for at søppel vert kasta, og kiosk, gang og toalett vert vaska før første arrangement.

Sak 18/16 Medlemskontingent og pengestøtte til klubbhuset

Eirik har laga til 162 medlemsgiroar og eit forslag til flygeblad for pengestøtte til klubbhusprosjektet. Det vart på førre styremøte bestemt at Anne Bjørg og Endre tek ansvar for distribuering.

Vedtak: Eirik sender Word-dokumentet med flygebladet til Endre som kopierer opp. Anne Bjørg og Endre får distribuert giro og flygeblad innan 7-10 dagar (betalingsfrist medlemskontingent sett til 30. april).

Sak 19/16 1. mai-løpet

Åheim Idrettslag har invitert oss til løpet om to veker. Vi har tidlegare fått ønskje frå ein person, opptil fleire gongar, om at idrettslaget organiserer påmelding for dei borna som har lyst til å delta, samt at vi ordnar med henting av startnummer. Styret samstemt om at vi kan melde på og betale kontingent, men at kvar enkelt deltakar må ta ansvar for henting av startnummer.

Vedtak: Anne Bjørg tek kontakt med skulen om å gi beskjeden til alle ungane, Eirik publiserer på nettsida. Påmeldingsfrist torsdag 28. april. Gi beskjed til dei som vil vere med om at vi betaler påmeldinga, men at dei må kome seg dit, og hente startnummer, sjølve.

Sak 20/16 Eventuelt

Vi har fått invitasjon frå Tussa om å delta i det såkalla Krafftaket 2016, som går ut på å gjere ei god gjerning, for så å vere med i kampen om 10.000 kroner. Vi har tidlegare snakka om å rydde fjøra frå Skare til Dollsteinen.

Vedtak: Vi prioriterer andre ting i år.



Sak 21/16 Evaluering Sjutoppsturen

Arrangementet vert omtala som ein stor suksess, både av oss og av andre. Om lag 60.000 kr i inntekter, og derav kan vi rekne 30-40.000 som overskot. Endre foreslår (også med eigne motargument) at vi kan innføre pin for dei som går på minimum éin topp, for å få fleire registrerte deltakarar. Knut Olav påpeiker at det er svært viktig at vi ikkje lempar på kravet for medalje – det er eit stort mål og veldig tilfredsstillande for mange born å fullføre.

Nokre moment:

- Nokre få personar finn ikkje posten på Hornet.
- Det må vere to personar på drikkestasjonen ved Dollstun.
- Anne Bjørg (kontaktperson ved uhell) må skaffe seg telefonnummeret til Røde Kors.
- Ikkje alle møtte opp til avtalt tid skjærtorsdag og langfredag.
- Mangel på tydelege beskjedar om arbeidsoppgåver – lage meir spesifikk plan for det som skal gjerast, og kva tid det må gjerast.
- Opne sekretariat tidlegare langfredag?
- Fleire må bidra meir med tillaging og opprydding.
- Vi må begynne tidlegare skjærtorsdag (evt. onsdag) å lage til sekretariatet.
- Sjutoppsturen står sterkt og gir Sandsøya og idrettslaget godt omdømme.

Møtet slutt kl. 20.30.

Dato for neste møte vart ikkje bestemt.